

Spørsmål og svar – ny gjødselbrukforskrift

Oppdatert 28. april 2025

Dette er ei samling av innkomne spørsmål frå kommunar og andre etter webinar mm i Vestland fylke, retta mot forvaltinga. Dokumentet blir fortløpande oppdatert med nye spørsmål og svar.

Etter kvart kjem presiseringar i kommande rundskriv frå landbruksdirektoratet. Sjå òg noverande korte rettleiing frå landbruksdirektoratet som blir oppdatert fortløpande: [Rettleiing til gjødselbrukforskrifta - Landbruksdirektoratet](#) Dersom noko kan tolkast på ulike måtar, er det rettleiinga frå landbruksdirektoratet som er gjeldande.

§ 15. Krav til spreietidspunkt

- 1. For silopressaft i eigen tank der det blir påfyll av saft etter kvar slått: Må ein kunne lagre silosafta til neste vår etter ein siste slått i slutten av august/byrjinga av september?**

Silopressaft kan bli spreidd til og med 15. september, utan krav om hausting eller etablering av plantevekst etterpå. Ved sein siste slått slik at ein ikkje rekk spreieing av all silosafta innan fristen, kan det dermed bli behov for lagring av silopressaft til neste vår ja. Det kan bli behov for større tank. Vi tolkar det slik at dette kravet tek til å gjelde frå 2027. Fram til då er det same krav til spreieing av silopressaft som for anna organisk gjødselvarer. I Vestland kan ein i 2025 og 2026 spreie seinast 15. september ved overflatespreieing, men til og med 1. november med nedmolding.

- 2. Tidlegare lokale forskrifter er ikkje lenger gyldige då ny gjødselbrukforskrift blei innført. Blir kommunale gjødsel forskrifter automatisk fjerna frå lovdata?**

Dei som har fått mynde til å gi forskriftene, må òg oppheve dei. Her har kommunane fått mynde. Forskriftene kan ikkje bli gjort gyldige, då det ikkje lenger er heimel for dei, men kommunane må oppheve forskriftene sjølv,

§ 17. Godkjent spreieareal

- 1. I samband med høyringa blei det berekna kor mange føretak som ville få for lite spreieareal i kvar kommune. Kor finn ein desse tala, og kan ein finne kva føretak det gjeld?**

- Kommunen kan få tilgang til rapporten «Fosformengde og spreieareal» ved å sende e-post til fmvllandbruk@statsforvalteren.no. Rapporten viser fosformengd frå husdyrhaldet på føretaket sett opp mot kor mykje areal føretaket disponerer, for dei kommande åra med trinnvis innføring av strengare fosforgrenser. Ein får då god oversikt over føretak som kan sjå ut til å vere i risiko for å ha for lite spreieareal, og kan gi rettleiing til føretak som er usikre på om dei har nok spreieareal no og framover.
- (Spreiing av husdyrgjødsel på innmarksbeite godkjent som spreieareal er ikkje automatisk inkludert i rapporten. For å vite konkret situasjon på enkelt-bruk må ein bruke [fosforkalkulator](#) for å få rett utrekning av fosformengd avhengig av avdrått i mjølkeproduksjon og ved beiting i utmark, kva delar av teoretisk spreieareal som blir brukt, samt oversikt over husdyrgjødsel ein gir vekk eller tek imot mm).

2. Kvifor er det ei todelt løysing for godkjenning av innmarksbeite når forskrifta seier at gjødsel er gjødsel; at dei sama krava gjeld for alle typar gjødsel?

Departementet har teke til følgje forslag som har kome inn i høyringa av forskrifta, om at det i tillegg til ein generell godkjenning burde vere mogleg å innhente ei godkjenning avgrensa til bruk av mineralgjødsel.

3. Er det grunneigaren eller leigetakar / brukar som bør søkje om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for gjødsel?

- Eit førebels svar frå Statsforvaltaren i Vestland er at *brukaren* bør søke om godkjenninga, men at grunneigaren bør vere informert om søknaden, og får høve til å komme med uttale. Søknaden bør anten inkludere signatur frå grunneigar, eller eige vedlegg med uttale frå grunneigar. Dette kan eventuelt bli mindre lagt vekt på dersom ska gjeld formalisering av dagens praksis med bruk av husdyrgjødsel på eit beiteareal. Ved søking om godkjenning for areal som tidlegare er lite gjødsla, er det eit krav med signatur eller vedlegg frå grunneigar.
- Det er brukaren som har behov for spreieareal, og som har informasjon om planlagt gjødsling og beiting, samt kunnskap om tilkomst med utstyr. Det bør ikkje bli godkjent spreieareal dersom det ikkje er bruk for føret, til dømes at areala blir minimalt beita. Når brukaren står som søker kan det bli meir usikkert om godkjenninga følger føretaket, i staden for at godkjenninga følger arealet dersom det blir ny brukar av beitet.
- Oppgjødsling på nytt areal kan vere eit inngripande tiltak på ein eigedom, og det kan vere ulike syn. Til dømes kan ein ha situasjon der det er såpass lite biologisk mangfald at kommunen vurderer å kunne godkjenne arealet,

men at grunneigar har ønske om å ta vare på og utvikle biologiske verdier på delar av beitet. Samstundes må grunneigar normalt sett kunne godta bruk av husdyrgjødsel på beita som del av vanleg beitedrift, dersom det ikkje er særskilte tilhøve som talar i mot. Ein bør ikkje legge opp til at grunneigarar lagar unødvendig hindringar for god agronomi når det ikkje gir skade på miljøverdier.

- Landbruksdirektoratet vil komme med endeleg avklaring etter kvart på korleis desse tilhøva kan bli handtert på god måte.

4. MÅ ein spreie husdyrgjødsel på innmarksbeite når det er godkjent som spreieareal?

- Det er ikkje generelt krav at ein MÅ spreie gjødsel på innmarksbeite dersom det er godkjent som spreieareal. Men: For føretak som berre akkurat har nok arealgrunnlag, inklusivt innmarksbeite, betyr det at innmarksbeite godkjent som spreieareal ikkje berre kan brukast, men også må brukast som spreieareal. Om ein må spreie husdyrgjødsel eller ikkje på eit godkjent innmarksbeite er altså relatert til mengde fosfor føretaket disponerer.
- Dette inneber at kommunen berre skal godkjenne areal som faktisk kan bli gjødsla, men òg at det er mogleg å godkjenne areal som berre blir gjødsla enkelte år, til dømes ved innleigd spreieing på beite.
- For å vite at husdyrgjødsla blir spreidd på nok areal / at det ikkje blir spreidd for mykje fosfor på areala er det ikkje tilstrekkeleg med utrekning av tilgjengeleg spreieareal. Ein er avhengig av gjødslingsplan og gjødslingsjournal for å ha god oversikt, sjå spørsmål til § 20.

5. Når kjem verktøyet kartbasert fagsystem?

Planen er at kartbasert fagsystem vil vere klart til bruk før sesongen 2027.

Fagsystemet skal mellom anna gi oversikt over faktisk spreieareal.

6. Er det mogleg å få til løysingar med kunstig intelligens (KI) for til dømes. automatisk vurdering med omsyn til avstand til vassdrag osv?

- Vi har prøvd å lage digitale kart som viser meter-avstand frå vassdrag, men det er mogleg at innteikning av elv og bekk ikkje er nøyaktig nok til at dette kan fungere. Vi skal vurdere dette vidare.
- Vårt råd er at kommunen måler opp avstand til vassdrag på flyfoto / kart, eventuelt supplert med synfaring. I fylkesatlas er det mogleg for kommunen å sjølv lage kartlag med 6 meter avstand til vassdrag slik dei er registrert på kart. Vi skal snarleg lage brukarretteiing om dette.

7. Kan areal under høgspenst godkjennast som spreieareal for husdyrgjødsel?

- Areal under høgspenstleidning kan berre godkjennast dersom spreinga kan skje på forsvarleg måte, og er difor avhengig av kva utstyr det er mogleg og aktuelt å spreie med. Spreiing med gjødselkanon under høgspenst er livsfarleg og kan gi fare for å slå ut el-forsyninga i store område, og kan ikkje bli gitt godkjenning til.
- For høgspenst over beiteareal der det ikkje er anna alternativ enn å bruke kanon, kan det aktuelle arealet ikkje bli godkjent som spreieareal for husdyrgjødsel.
- Dersom det er planlagt spreiing med breispreiar / fanespreiar under høgspenst, kan ein godkjenne arealet som spreieareal for husdyrgjødsel. Ein bør sette vilkår om at det ikkje kan brukast kanon. Arealet kan uansett òg bli godkjent som spreieareal for mineralgjødsel.
- Bonden har i tillegg plikt å melde til nettselskapet ved arbeid nær høgspenstliner, inkludert gjødselspreiing. Det kan vere krav om at utstyret som skal brukast må godkjennast av nettselskap, evt. i form av avtale.

8. Kan ein gjødslingsplan vere god nok når kartet ikkje viser rett areal for godkjent spreieareal på innmarksbeite?

- Gjødslingsplanen må vise gjødsling av innmarksbeite som er i samsvar med kva areal som er godkjent som spreieareal.
- Men: I gjødslingsplan er det gjerne ikkje høve til kart-innteikning av både totalt areal som føretaket disponerer OG rett spreieareal. Det kan då vere aktuelt at kartet i gjødslingsplanen til dømes viser totalt areal, og at planen viser til kart i godkjenningsvedtak for kva areal som kan bli gjødsla.
- Gjødslingsplanen må òg omtale rett tal dekar for kva som er godkjent som spreieareal, for å få rett utrekna gjødselmengd. Bonden bør difor sende nye godkjenningsvedtak til den som skal lage gjødslingsplanen, til dømes Norsk Landbruksrådgiving.

9. Er kalking omfatta av gjødselbruksforskrifta?

Tolking av forskrifta tilseier at kalk òg må reknast som gjødselware i denne samanhengen. I så fall vil det krevje godkjenning som spreieareal for å kunne spreie kalk på innmarksbeite. Ut frå tilsvarande overgangsordning for mineralgjødsel er det naturleg å vurdere at ein uansett kan halde fram med kalking ut 2027 på areal der ein tidlegare har brukt gjødsel eller kalk. Bruk av kalk vil ikkje ha same negative verknad på miljø som gjødsling med nitrogen og fosfor.

§ 17 og § 36 Gamle godkjenningar av innmarksbeite som spreieareal

10. Korleis bør kommunane handtere at bønder kan ha spreidd husdyrgjødsel på beite tidlegare, utan at det har vore godkjent.

- I mange år har det i fleire fylke vore dårleg oppfølging av krav om at innmarksbeite skal vere godkjent som spreieareal før spreiding av husdyrgjødsel, både frå bønder og frå forvalting i alle ledd. Vi meiner at fokuset no må vere å få godkjenningar på plass for framtida, og at ein må akseptere eventuelle feil som har vore gjort tidlegare.
- I samband med søking av godkjenning no er det nyttig for kommunen å vite om arealet har vore gjødsla tidlegare eller ikkje, då dette kan vere nyttig for vurderingane. Bonden må vere trygg på å kunne komme med slik informasjon.
- Dersom det i framtida blir oppdaga gjødsling på innmarksbeite utan godkjenning er det derimot viktig å følgje opp dette.

11. Kven har ansvar for å finne fram gamle vedtak med godkjenningar av innmarksbeite som spreieareal?

Føretaket må sjølv kunne dokumentere at ein har gamal godkjenning, ved å finne brev / vedtak frå kommunen eller Fylkesmannen, Før ca. år 2001 var det Fylkesmannen som godkjente spreieareal. Det er ikkje realistisk at forvaltinga finn vedtak som er eldre enn 10-15 år i gamle fysiske arkiv, då dette kan vere tidkrevjande, og ikkje verd innsatsen for så gamle vedtak. Føretaket må anten kunne dokumentere tidlegare godkjenning eller søke på nytt. Det er ikkje tilstrekkeleg å vite at det har blitt gitt godkjenning.

12. Må kommunen vurdere eller «gå god for» gamle godkjenningar?

- Nei, dei gjeld som dei er skrive, og det er ikkje krav om ny vurdering.
- Det er likevel krav om at gjødsling på desse areala følgjer krav i nytt regelverk, til dømes minst 6 meter avstand til vassdrag og at arealet framleis er innmarksbeite og i bruk. Utrekna areal frå gamle godkjenningar vil difor ofte vere feil i dag.
- Dersom kommunen likevel ser gamle vedtak, kan kommunen komme med råd om behov for ny vurdering. Kommunen kan òg peike på at vedtaket ikkje er godt, til dømes at det manglar kart, at gjødslinga har uheldige verknader mm. Vedtaket vil framleis vere gyldig, men kommunen kan gjennomføre ny godkjenning dersom dette er frivillig frå føretaket.
- Dersom kommunen ser gamle vedtak som de meiner er viktig å få vurdert på ny utan at dette kan skje frivillig, må de tipse Statsforvaltaren, som har heimel til å oppheve gamle vedtak på visse vilkår.

13. Bør kommunen samle inn alle gamle godkjenningar, for å deretter be dei utan dokumentasjon om å søke?

- Dersom ei tidlegare godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for husdyrgjødsel ikkje kan bli dokumentert med vedtak, er det krav om ny godkjenning, men det er ikkje krav om å sende desse inn til kommunen.
- Kommunen må informere om krava, og be alle som manglar godkjenning (eller er usikre på om dei manglar godkjenning) på delar av innmarksbeita om å sende inn søknad. Så er det føretaka sitt ansvar at dei følgjer regelverk, og eventuelt manglande godkjenningar blir ikkje avklart før ved eventuell kontroll.
- I samband med innføring av nytt kartbasert fagsystem frå 2027 kan det gjerne bli meir aktuelt å ta ein slik total gjennomgang av alt areal som er godkjent for kvart føretak, for både husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Frå 2028 er det krav om godkjenning for all gjødsling av innmarksbeite, også for mineralgjødsel.

§ 20. Begrensninger for tilførsel av fosfor på jordbruksareal

1. I kor stor grad, og korleis, kan kommunane klare å kontrollere fosforgrensene på gardsnivå?

Gjødslingsplan og gjødslingsjournal blir gode verktøy for bonden, for å vite at ein følger krava til fosfornivå. Desse dokumenta blir òg grunnlag for dialog og kontroll frå kommunen si side. Det er avgjerande at gjødslingsplan viser reell situasjon, og at bonde og rådgivarar grip fatt i tilhøve som må løysast for å klare å følge fosforkrava. Det vil vere nyttig for kommunane å ha god dialog med til dømes landbruksrådgivinga, slik at ein har felles forståing av situasjonen, og slik at kommunen har godt grunnlag for å forstå gjødslingsplan, og å kunne diskutere gjødslingsplan og gjødslingsjournal med bonden. Det kjem meir rettleiing om oppfølging etter kvart.

2. Mange føretak kjøpte inn mineralgjødsel hausten 2024, og har slik ikkje høve til å velje kunstgjødsel utan fosfor i år. Korleis vert det teke omsyn til, når forskrifta vart gjort gjeldande 1. februar?

- Gjødsel som alt er innkjøpt må kunne brukast i 2025.

§ 26. Krav til gjødslingsplan

- 1. Er det berre areal over 25 daa som setter krav til å ha gjødselplan, ikkje noko krav knytt til dyretal / gjødseldyreiningar (GDE) ?**

Ja, arealet set krav til gjødslingsplan. Dyretal eller mengde husdyrgjødsel utløysar ikkje krav til gjødslingsplan. Omgrepet gjødseldyreiningar (GDE) er ikkje lenger i bruk.

- 2. Dersom eit føretak har ein produksjon som tilsvara over 75 kg fosfor (til dømes 38 sauer eller 6 kyr), så slår kravet om gjødslingsplan inn?**

Nei, krav til gjødsling plan er berre knytt til areal, og ikkje fosforgrense. 75 kg fosfor = krav til dokumentasjon av mottak og dokumentasjon / innrapportering av gjødsel ein gir vekk eller sel, sjå § 27.

- 3. Er det disponert areal eller gjødsle areal som avgjer om det er krav til gjødslingsplan? Er det ikkje krav til plan dersom ein disponerer 40 daa, og gjødsler 20 daa av desse?**

I forskrifta står det at ein både må disponere OG gjødsle meir enn 25 daa, altså at begge deler må vere tilfellet. Landbruksdirektoratet vil vurdere til rundskrivet om det er behov for fleire vurderingar.

- 4. «Manglande eller mangelfull gjødslingsplan eller ulovleg spreiking av gjødsel har tidlegare vore straffa med trekk i tilskot. Reaksjonar for brot på det nye regelverket vil normalt vere gebyr etter forureiningslova, matlova eller folkehelselova - kan de utdjupe»?**

- Manglande eller mangelfull gjødslingsplan: I 2025 kan brot på forskrift om gjødselplanlegging heimlast med avkorting etter § 11 andre ledd i forskrift om produksjonstilskot (slik det har vore). Nye reglar vil gjelde frå 1.1.2026. Innan den tid vil rettleiar frå direktoratet truleg vere på plass, og vi vil derfor ikkje kommentere dette noko vidare.
- For å sikre at krav i forskrifta blir følgt, kan kommunen mellom anna utøve myndigheit etter forureiningslova. Denne gir heimel til å gi pålegg om tiltak, føre tilsyn, gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre gjennomføring mm. Kommunen si myndigheit etter forureiningslova er omtalt i «forskrift 20. desember 2024 nr. 3400 om kommunens myndighet etter forurensningsloven»
- Ved oppfølging av ulovleg spreiking eller andre brot på forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. (gjødselbrukforskrifta) vil det vere aktuelt å avkorte produksjonstilskot grunna drift i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, jf. forskrift om produksjonstilskot § 11 første ledd.

5. Er 20 % regelen for trekk ved manglande gjødselplan framleis aktuelt? Spesielt når ein ser at utbetalingane kan vere store, vil dette gje enorme trekk.

- I 2025 kan brot på forskrift om gjødselplanlegging heimlast med avkorting etter § 11 i forskrift om produksjonstilskot (slik det har vore). Ved manglande gjødslingsplan er norma at det totale tilskotet for arealet blir avkorta med 20 prosent.
- Nye reglar vil gjelde frå 1.1.2026. Innan den tid vil rettleiar frå direktoratet truleg vere på plass, og vi vil derfor ikkje kommentere dette noko vidare. Sjå òg førre spørsmål.

6. Når eit føretak ikkje har krav om gjødselplan, treng dei då heller ikkje jordprøvar?

I slikt tilfelle er det gjerne ikkje like lett å krevje jordprøvar. Samstundes må alle forholde seg til § 14 om Gjødsling etter behov. Der står det at «Bruk av gjødselvarer skal, når ikke annet er bestemt i denne forskriften, tilpasses vekstenes behov og jordas næringsstoffinnhold.» I det ligger det at det kan vere behov for å ta jordprøver også om ein ikkje har krav om gjødslingsplan (og dermed jordprøver kvart 8. år). Om kommunen føre tilsyn av eit slikt føretak kan jordprøver for eksempel vere ein del av dokumentasjonen som bør leggjast fram for å vise at det blir gjødsla etter behov.

7. Korleis tolke skifte når det er mange små teigar og ueinsarta beite, sett i samanheng med at det skal vere representative jordprøver?

- Jordprøver skal vere representative med omsyn til jordvariasjon, storleik og forma på arealet. Det kan likevel vere mogleg at éi jordprøve representerer fleire små teigar, og det kan vere mogleg at éi jordprøve representerer små areal med ulik jord. Dette blir faglege vurderingar etter skjønn, ut frå dei konkrete tilhøva. Det kjem truleg meir rettleiing om dette etter kvart.

8. Er det slik at dei 5-årige gjødselsplanane godkjent av kommunen blir oppheva i 2026? Må dei som har 5 års plan i 2025, søkje om ny 5 års plan i 2026 på grunn av at planen skal vurderast etter nytt lovverk?

I landbruksdirektoratet sin rettleiar står: «Har du ei enkel drift med lite endring frå år til år, kan du få løyve til å ha fleirårig gjødselplan". Er det no Statsforvaltaren som kan gi løyve til dette?

- Vedtak etter forskrift om gjødselplanlegging vil opphøyrå då forskrifta blir oppheva 01.01.2026.
- Hovudregelen vil være årleg plan, men det er ikkje utelukka å kunne gjenbruka same plan fleire år for areal som drivast meir ekstensivt og på same måte år etter år. Kriteria for fleirårig plan vil bli presisert i rettleiing.

§ 27. Krav til journal med dokumentasjon på mottak, bortskaffelse og bruk av gjødselvarer mv.

1. Korleis rekne ut om ein er over eller under grensa på 75 kg fosfor (P)

- Ut i frå normtal i gjødselbrukforskrifta, vedlegg 1, tilsvarar 75 kg fosfor ein produksjon med 37 sauer eller 5 mjølkekyr. Dersom ein har høgare yting på mjølkekyr enn 7-9,5 tonn i årsavdrått, så kan ein nå 75 kg fosfor med færre dyr også. Dette kan ein sjå nærmare informasjon om i vedlegg 1 til gjødselbrukforskrift.
- Vi har enno ikkje godt svar på korleis ein skal rekne fosformengd for gjødsel ein gir vekk eller tek imot. Dette vil det komme meir rettleiing om etter kvart.
- Nibio har rekna på [gjennomsnittstal for næringsinnhald i husdyrgjødsel](#). Dette kan vere eit utgangspunkt førebels, men vi veit ikkje om dette blir beste metode for utrekning. Det er stor variasjon mellom ulike prøver i undersøkinga, og det er risiko for at total P-mengd då ikkje samsvarar med total P-mengd frå normtala i vedlegg 1.
- Fosforinnhaldet er òg mykje avhengig av vassinnhaldet. Gjennomsnittstala frå Nibio for gjødsel frå mjølkekyr og storfe gjeld ikkje gylle, men blautgjødsel med 6 % tørrstoff, utan vassinnblanding. P-innhaldet må altså bli korrigert for vassinnblanding.

2. Må ein ha dokumentasjon på innhald om ein tar imot/leverer gjødsel til ein annan bonde?

Det er rett at forskrifta stiller krav frå 1.1.2026 til dokumentasjon av mottak og levering av meir enn 75 kg fosfor. Vi reknar med å få rettleiing i løpet av neste halvår for korleis dette skal bli praktisert, det blir truleg aktuelt å bruke standard-verdiar. Kravet om dokumentasjon gjeld uansett ikkje mindre gjødselmengder.

§§ 30, 33. Tilsyn og enkeltvedtak. Straff

1. Korleis vert «kontrollregimet» for alle desse krava som no gjeld?

Dette kjem vi tilbake til. I aller første omgang no er det naturleg med stort fokus på informasjon og rettleiing.

2. Korleis skal ein vurdere avkorting, etter kva regelverk og evt. etter normer?

Sjå kommentar under § 26 Gjødslingsplan

Generelle spørsmål

1. Har ein vega miljøkonsekvensen av nydyrking (som trengst for å få nok spreieareal) opp mot konsekvensen av et svakt fosforoverskot?

Vi kjenner ikkje til at dette er utgreidd. Men vi meiner at dei nye krava kan medverke til ei betre utnytting av biologisk fosfor, redusert bruk av mineralgjødning og auka lokal grovfôrproduksjon både på eksisterande og nytt areal. Vidare er det òg mange andre tiltak enn nydyrking som er aktuelle for å kunne følgje fosforgrensene. Dersom etablering av biogassanlegg finn løysingar for å få noko av det biologiske fosforet tilbake til kornjorda, så vil det til dømes vere svært bra. Det er òg ønskeleg å unngå fosforoverskot på jordbruksareal sidan dette kan vere til skade for vassmiljø. I sakshandsaming av konkrete nydyrkingstiltak blir det gjort vurderingar for å ta vare på miljøverdiar.

2. Korleis vil Statsforvaltaren bidra til at landbruket klarer å møte desse krava?

Dette kjem vi tilbake til. Det er ein klar ambisjon om å oppretthalde matproduksjonen i fylket.

3. Vil det bli utarbeida eit skriv felles for bøndene, slik at de forstår hva de nye reglene blir? Korleis vert dei nye krava/ ny forskrift informert ut til gardbrukarane? Kva bør kommunen gjere no i 2025?

- For å få med seg viktig informasjon bør dei tilsette på landbrukskontoret abonnerer på nyheitesvarsel får Statsforvaltaren si landbruksavdeling. Her vert også ulike webinar kunngjort. [Sjå her](#) om nyheitsvarsel.
- Statsforvaltaren i Vestland har òg oppretta e-postliste for kommunetilsette som ønskjer å motta e-postar om gjødningregelverk.
- Vi ønskjer at kommunane informerer vidare til bønder gjennom informasjons-utsending, lokalavis eller anna som de finn eigna.

- Statsforvaltaren ønskjer å lage informasjonstekstar som kommunane kan bruke direkte vidare som informasjon til bønder. Ei første informasjon var nettsak om Nye krav til bruk av gjødsel 20.2. Denne veka vil vi lage powerpoint-presentasjon til bønder, som blir publisert til kommunane til bruk på eventuelle lokale møte. Vi kjem òg til å lage nye nettsaker, og ønskjer innspel på tema de ønsker omtalt. Vi forventar ikkje at bønder flest besøker Statsforvaltaren sine nettsider, og er avhengig av at kommunane publiserer vidare.